

# Volda kommune: Økonomiplan 2024-2027 Årsbudsjett 2024

Folkemøte 6. desember



- <https://www.volda.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/om-volda-kommune/>



# Formannskapet sitt framlegg til Økonomiplan 2024-2027/Årsbudsjett 2024

- [https://pub.framsikt.net/2024/volda/bm-2024-fsk\\_øpl](https://pub.framsikt.net/2024/volda/bm-2024-fsk_øpl)
- Endringar frå kommunedirektøren sitt framlegg ligg under vedlegg:

## Vedlegg:

Endringslogg frå kommunedirektøren sitt framlegg

---

# Endringar i formannskapet sitt framlegg

- Eigedomsskatten vert ikkje auka i år 2024 og er framleis 3 promille.
- Inngåande balanse på disposisjonsfondet er endra etter tal i økonomirapport september
- Nye lån i år 2024 er redusert med 80 mill då kommunen har unytta lånemidlar. Investeringsnivå er uendra. Dette gir reduksjon i rentekostnad i år 204
- Investering:  
Gangveg langs Uravegen vert prioritert , finansiert ved at prosjekt merking av snarvegar i Volda kommune går ut.



# Verbalpunkt

- 3. Volda kommunestyre godkjenner eit **låneopptak på kr. 170 076 300,-** for år 2024, her av kr 20 000 000,- til startlån for vidare tildeling.
- 7C. Skattesatsen vert sett til **3 promille** jf. esktl. §11 og §13.
- 7E. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar, men kommunen har ei ordning for **månadlege betalingar** for dei som ønskjer det.
- 11. **Eigedomsskatten si innretning med sosial profil**, utvikling over tid, mulighetene for nedtrapping med vidare skal drøftast i ein politisk prosess gjennom 2024 fram mot budsjett for 2025.

- 12. Kommunane får, ifølgje KS, ei sentral rolle i gjennomføring av **Naturavtalen**. Kommunestyret ber, i samband med komande prioritering av planoppdrag, om ei vurdering av kor vidt ein har tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet i Volda kommune, eller om det trengst ein eigen kommunedelplan for naturmangfald. I så fall føreset ein at kommunen søker på eksterne midlar, slik t.d. Ulstein og Vestnes fekk i 2022, eventuelt Natursatsmidlar.
- 13. Kommunestyret viser til punkt 8, kulepunkt 6, i tilrådinga, der det står at *gjenbruk skal vere eit gjennomgåande prinsipp*. Dette vil gje både økonomisk og miljømessig gevinst, og bør omfatte både bygg, møblar og inventar. Med utgangspunkt i den planlagde gjenbruksverkstaden (jamfør tidlegare kommunestyrevedtak), ser kommunestyret gjerne at Volda kommune kan verte **inkubator for ei gjenbruksklynge på Søre Sunnmøre** (tilliks med pilotprosjektet for sirkulærøkonomi som er gjennomført i Molde). Kommunestyret ber om ein undervegsrapport for arbeidet i løpet av første



- 14. Kommunestyret viser til punkt 8, kulepunkt 7, i tilrådinga, der det står at ein skal vurdere *reduksjon i kurs og kompetanseutvikling* i Volda kommune. **Kompetanseutvikling** er ein føresetnad for kvalitet i kommunal verksemd, og det er viktig for arbeidsmiljø og meistringsklima. Skal vi hindre fråfall i arbeidslivet og meistre omstilling til berekraftige velferdstenester treng vi strategisk kompetanseutvikling. I Volda kommune sin kommunale planstrategi 2020-2024 er arbeidet med å legge til rette for kompetanseheving framheva. Kommunestyret ser at Volda kommune nyttar statlege **tilskotsordningar for økonomisk handlingsrom** for kompetansetiltak i verksemda.
- 15. Gangveg langs Uravegen vert prioritert med kr 1 069 000 finansisert ved at prosjekt merking av snarvegar i Volda kommune går ut.
- 16. Redusert skattesats for eigedomsskatten frå 4 til 3 promille vert dekt inn ved reduserte finanskostnader på 4 mill kr og auka bruk av disposisjonsfond på 8,6 mill kr. Inngåande balanse på ubunde disposisjonsfond pr 01.01.24 vert sett til kr 124 861 708.



# Kommunesektoren siste 10 åra: Positive driftsresultat og styrka disposisjonsfond



Rapport frå Det tekniske  
beregningsutvalg for  
kommunal og fylkes-  
kommunal økonomi  
Juni 2023

# Årsaka til denne utviklinga siste åra

- Meirskattevekst (utbytteuttak som følgje av skattereformer, koronakompensasjon i næringslivet)
- Demografiutgiftene vart lågare enn overslaget i statsbudsjetta
- Koronakompensasjon til kommunesektoren 2020, 2021 og 2022
- Låg rente og noko av effekten av renteauken i 2022 dempa av finansavkastning og belastning på innbyggjarane på sjølvkostområda
- Flyktingtilskot (etterslep på utgiftssida)
- Fleirtal av kommunane har bygt opp disposisjonsfond etter fleire år med relativt gode driftsresultat.

# Utvikling nasjonaløkonomien og behov i andre sektorar?

## Staten sin økonomi – korleis vil handlingsrommet verte påverka?

- Tilpassing frå fossilt til det grønne skiftet
- Global utvikling og Ukraina-krigen

## Behov i andre sektorar?

- Oppfølging av klimaavtalen
- Naturskadeerstatning og førebygging mot naturkatastrofar
- Forsvar
- Flyktningar
- Demografi (færre i yrkesaktiv alder som generer inntekt og fleire som vil generere pensjons- og trygdeutbetalingar)
- Offentleg forbruk er allereie høgt (62,3\* % av BNP fastlands Norge)


\* Prognose 2023

Kva kan kommunesektoren forvente i åra framover?


# Hovudutfordringane til Volda kommune

- Demografiutviklinga
  - fleire treng tenester
  - vil mangle arbeidskraft
- Høg utgiftsvekst i tenester til yngre med særskilte behov
- Busetting av stort antal flyktningar
- Sveikka økonomisk bereevne

Historisk utvikling



Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



# Moglegheitene for Volda kommune


- Positiv folketalsvekst
- Kommunen har ei regional utviklingsrolle
- Private og statlege verksemder (HVO/HF MR) investerer
- Låg arbeidsløyse
- Gjort dei store investeringane og har relativt oppdatert infrastruktur
- Høg kompetanse i samfunnet
- Men sårbar med tanke på:
  - mangel på næringsareal
  - overvekt av offentlege arbeidsplassar
  - redusert økonomisk handlingsrom

# Samla inntekter opp mot samla utgifter


<b>INNETEKTER</b> tall i heile 1000	År 2024	I prosent
Rammetilskot	486 350	37,1 %
Skatt	330 253	25,2 %
Eigedomsskatt	37 611	2,9 %
Overføring og tilskot frå stat	104 753	8,0 %
Overføring og tilskot frå andre	199 898	15,2 %
Brukarbetaling	37 147	2,8 %
Sals- og leigeinntekter	91 597	7,0 %
Renteinntekter	9 130	0,7 %
Utbytte	7 910	0,6 %
Avkastning portefølje	7 300	0,6 %
<b>Sum inntekter</b>	<b>1 311 949</b>	<b>1</b>

<b>UTGIFTER</b> tall i heile 1000	År 2024	I prosent
Lønn og sosiale utgifter	870 202	62,9 %
Kjøp av varer og tenester	304 442	22,0 %
Overføring og tilskot til andre	38 600	2,8 %
Renteutgifter	99 140	7,2 %
Avdrag	71 413	5,2 %
<b>Sum utgifter</b>	<b>1 383 797</b>	<b>1</b>

Inntekter år 2024




Utgifter År 2024





# Netto rammer fordelt på sektor



# Verbalvedtak

1. Volda kommunestyre godkjenner økonomiplan 2024 - 2027 og årsbudsjett 2024 slik det går fram av framlegget og med dei rammene som det går fram av tabellar og oppstillingar under menypunkt "Budsjettvedtak" i framlagt plan


2. Avsetjing og bruk av disposisjonsfond vert vedteke i samsvar med følgjande tabell:

Disposisjonsfond	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
Saldo 01.01	124 861 708	56 868 226	47 720 600	40 533 974
Bruk frå fondet	- 67 993 482	- 9 147 626	-7 186 626	-18 026 627
<b>Saldo 31.12</b>	<b>56 868 226</b>	<b>47 720 600</b>	<b>40 533 974</b>	<b>22 507 347</b>

# Finansielle måltall i planperioden

## Kommunaløkonomisk bærekraft (KØB)

Grafen viser avviket mellom vedtekte mål for dei tre viktigaste finansielle indikatorane som skal bidra til kommunaløkonomisk bærekraft (KØB). Verdiane i trekanten er relative, og målet er rekna om til 100 for alle dei tre indikatorane. Verdi under 100 indikerer behov for ytterlegare tilpassing for å nå målsettinga.



### Verkelege verdiar

Indikatornavn	Målsetting	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2027
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,8 %	-5,6 %	-1,5 %
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	120,0 %	161,4 %	162,2 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	5,0 %	5,7 %	3,1 %

# Verbalvedtak – Prioritert arbeid 2024, mot Økonomiplan 2025 -2028

8. Volda kommunestyre ber administrasjonen om å sette i gang prosessar for å redusere driftskostnadar inn mot økonomiplan 2025 - 2028 med 25 mill kroner.

I dette ligg vurderingar som

- Definering av minstestandard på tenester
- Gjennomgang av årsverk inn mot behov ifht minstestandard
- Årsverk ifht bemanningsnorm i barnehagar og skular
- Gjennomgang ikkje lovpålagde tenester
- Gjennomgang flyktningsbudsjett inn mot år 2025 -2028
- Gjenbruk skal vere eit gjennomgåande prinsipp
- Reduksjon i kurs og kompetanseutvikling
- Sal av areal og bygg for å få ned lånegjeld og drift
- Innføring av heimekontor i større grad for lette presset på behovet for nye kontor
- Samlokalisering av tenester
- Investeringar skal i ei 10-års periode ha maks investeringar på 40 mill kroner pr år for å kunne redusere lånegjelda.